**Fylkesstyret:**

| Namn | | Verv | Oppmøte | Mobil | E-post |
|---|---|---|---|---|---|
| Inge Martin Karlsvik, | 6490 Eide | Leiar | **Møtt** | 95264979 | inge.karlsvik@mimer.no |
| Birgit Oline Kjerstad, | 6293 Longva | Nestleiar | **Møtt** | 48111549 | birgitkj@online.no |
| Anne Katrine Jensen, | 6638 Osmarka | Styremedlem | **Møtt** | 90156039 | anne.katrine@hansgarden.no |
| Odd Helge Gangstad | 6475 Midsund | Styremedlem | **Møtt** | 40287112 | odd.gangstad@gmail.com |
| Arne Rekkedal, | 6165 Sæbø | Styremedlem | **Forfall** | 99649978 | arne.rekkedal@tussa.com |
| Trond Malmedal | 6445 Malmefjorden | 1. vara | **Møtt** | 41631265 | trond.malmedal@online.no |
| Petter Melchior, | 6214 Norddal | 2. vara | **Møtt** | 92283477 | petter.melchior@c2i.net |
| Oddvar Mikkelsen | 6640 Kvanne | 3. vara | **Møtt** | 41460565 | om@orkla.norgesfor.no |
| Christine Strandmann | 6003 Ålesund | Fylkesleiar BKL | **Møtt** | 99244515 | cstrandmann@hotmail.com |
| Yngve Røøyen, | 6640 Kvanne | Fylkesleiar BU | **Møtt** | 90887102 | yngve_15@hotmail.com |
| | | | | | |
| **Sekretariatet** | | | **Tlf. arbeid** | | |
| Arnar Lyche | **Møtt** | org.-sjef | 71202897 | 41418871 | arnar.lyche@bondelaget.no |
| Arild Erlien | **Møtt** | rådgjevar | 71202895 | 99726399 | arild.erlien@bondelaget.no |
| Atle Frantzen | | førstekonsulent | 71202894 | | atle.frantzen@bondelaget.no |
| Anne Turid Myrbostad | | førstekonsulent | 71202890 | 95944610 | anne.turid.myrbostad@bondelaget.no |

# Protokoll frå styremøte i Møre og Romsdal Bondelag torsdag 29. mars 2012 kl. 10.30 – 16.45 på Felleskjøpets møterom, Molde

**1/2012 Godkjenning av innkalling og sakliste**
Ekstrasak frå Birgit: Innspel om kastratkjøt til jordbruksforhandlingane

**Vedtak:** Innkalling og sakliste godkjend

**2/2012 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 6. mars 2012**
**Vedlegg:** Protokoll, som også var utsendt på e-post for godkjenning.
**Vedtak:** Protokoll frå styremøtet 6. mars godkjend.

## SAK 26/2012: Årsmøtet M & R Bondelag – oppsummering og oppfølging

**Vedlegg:** Protokoll årsmøtet
På årsmøtet møtte i alt 52 personar med røysterett, av desse 41 utsendingar frå 33 lokallag.
Totalt deltok det 140 personar ein eller to dagar på konferansen og/eller årsmøtet. 134 av desse deltok på landbrukskonferansen fredag.

**Heimeside 09.03.2012: 140 deltok på Landbrukskonferansen**
140 personer var samla på Landbrukskonferansen på Rica Seilet Hotell i Molde fredag 9. mars. Denne etterkvart årlege møteplassen for landbruksnæringa i Møre og Romsdal tok opp mange ulike tema som forventningar til landbruksmeldinga og jordbruksoppgjeret, auka satsing på svin, gulrotproduksjon, robust og framtidsretta rådgivning, helhetlig økonomirådgiving, god drenering og beitekravet frå 2013. Arrangørar var Bondelaget, Landbruk Nordvest og Fylkesmannen. Etter konferansen starta årsmøtet i fylkesbondelaget fredag ettermiddag og over til laurdag.

**Heimeside 10.03.2012: - Vi er klar, men regjeringa må innfri!**
Kommer regjeringa med virkemidlene, så skal landbruket i Møre og Romsdal stå klar til å ta sin del av jobben. Vi er klar, men regjeringa må innfri!! Det sa fylkesleder Inge Martin Karlsvik (bildet) i sin tale til fylkesårsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag, der han kom inn på jordbruksoppgjøret, og også viste til at regjeringen gjennom landbruksmeldinga legger lista høyt.

**Heimeside 10.03.2012: Avgangen av bønder må stoppes**
Inge Martin Karlsvik, Eide, ble på årsmøtet i Molde lørdag 10. mars gjenvalgt som fylkesleder i M&R Bondelag, og Birgit Oline Kjerstad, Haram, gjenvalgt som nestleder. Årsmøtet påpeker om landbruksmeldinga at dersom regjeringen har til hensikt å øke den norske matproduksjonen, er det helt nødvendig å stoppe avgangen av bønder. Om mosjonskravet for storfe sier årsmøtet at landbruksnæringa og Mattilsynet må bruke tid på å finne gode løsninger som passer med struktur og klima. Og er det politisk vilje, er det mulig å få til rekruttering til næringa.

**Heimeside 12.03.2012: Bondelaget krever inntektsløft: - Inntekten må heves med 100.000 kroner**
Skal man stoppe avskallingen i landbruket og få ungdom til å satse, må det bli mer attraktivt økonomisk å være bonde. Det mener fylkesårsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag, som hadde årsmøte i Molde i helga. - Inntekten må heves med minst 100.000 kroner ut over kostnadsveksten. Dette er umulig å få gjennomført i ett jafs, derfor må vi få med regjeringa på en forpliktende fireårsplan, sa fylkesleder Inge Martin Karlsvik i sin tale til årsmøtet **(ROMSDALS BUDSTIKKE)**

**Heimeside 12.03.2012: Gjenvalg av ledere i Bondelaget**
Inge Martin Karlsvik, Eide, og Birgit Oline Kjerstad, Haram, ble gjenvalgt som henholdsvis fylkesleder og nestleder i helga. Årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag påpeker i en uttale om landbruksmeldinga at dersom regjeringen har til hensikt å øke den norske matproduksjonen, er det helt nødvendig å stoppe avgangen av bønder. **(SUNNMØRSPOSTEN)**

**Heimeside 13.03.2012: Gunnar Wentzel æresmedlem i M&R Bondelag**
Tidlegare organisasjonssjef Gunnar Wentzel vart under middagen på fylkesårsmøtet i Molde 9. mars utnemnt som æresmedlem i Møre og Romsdal Bondelag. Han er det tredje æresmedlem i fylkeslaget saman med Guttorm Kjelsvik, Vestnes (t.v.) og Gunnar Waagen, Tingvoll (t.h.). Under landbrukskonferansen tidlegare på dagen fekk Gunnar Wentzel takk og heider frå Landbruksselskapet i Møre og Romsdal.

**Heimeside 13.03.2012: Dagros skal få meir mosjon og luft**
Dei siste 15 åra har det vore krav om at kyr på bås skal ha minst åtte veker på utebeite om sommaren. Neste år kjem same kravet for kyr i opne fjøs. Men mange bønder fryktar at kravet kan bli både dyrt og vanskeleg å gjennomføre. Det seier nestleiar i Møre og Romsdal Bondelag, Birgit Oline Kjerstad **(NRK MØRE OG ROMSDAL)**

**Heimeside 16.03.2012: Rauma Bondelag kåret til Aktivt Lokallag**
Rauma Bondelag er for andre året på rad utnevnt til Aktivt Lokallag i Møre og Romsdal Bondelag. Leder Anders Øverbø (t.v.) og nestleder Øyvind Karlsen-Heinåli i Rauma Bondelag mottok på fylkesårsmøtet i Bondelaget vandrepremien, trekofferten, som Aktivt Lokallag 2011. På bildet styremedlem i Norges Bondelag, Einar Frogner, til høyre.

**Heimeside 23.03.2012: Møteplass for heile landbruket**
Årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag er ei samling over to dagar, der fyrste dag tradisjonelt er ei ope fagkonferanse om aktuelle emne for næringa i fylket. I år hadde over 140 meldt seg på. **(BONDEBLADET)**

**<u>Vedr årsmøteuttale om beitekrav og foredrag på landbrukskonferansen:</u>**
Etter fylkesårsmøtet vidaresendte nestleiar Birgit Oline Kjerstad presentasjonen frå Skodje Samdrift til næringspolitisk avdeling i Norges Bondelag, og har fått svar tilbake frå seniorrådgjevar Ingrid Melkild:
*"Vi hadde mosjonskravet for løsdriftsfjøs oppe i Mattilsynets strategiske forum for dyrevelferd på fredag. MT vil gå inn i en prosess med å se på veileder med mer - og det ble signalisert at de vil se på praktiske løsninger som næringa kommer frem til.*
*Det tas sikte på å sende et felles brev med TINE (Helsetjenesten for storfe) til Mattilsynet og LMD der det pekes på behovet for at det gjøres avklaringer om hvordan kravet skal utøves / regelverket skal tolkes og at man i dette arbeidet tar utgangspunkt i en helhetlig tilnærming til praktiske forhold og forutsetninger. Foreløpig tenker vi også at brevet reiser flere av de konkrete spørsmålene som dere har reist, viser til konsekvenser dersom man legger dagens veileder til grunn, samt peker på alternative løsninger."*

**<u>Dette kom fram i styret si oppsummering:</u>**
Gode tilbakemeldingar på konferansen og årsmøtet. Positivt at det var mange del bønder som deltok.
Ikkje heldig å dele opp generaldebatten på to dagar, ha generaldebatt over kun ein dag.
Uklarhet om avstemminga om grovforareal og arealtilskot.
Vurdere om skal sende ut grunnlagssaker på førehånd for diskusjon i generaldebatten i årsmøtet.
Lokallaga kan samarbeide og presentere felles saker, resolusjon.
Bra at mosjon- og beitekrav vart teke opp. Begynne med taletid heilt frå starten.
Bra at mange gardbrukarar presentere seg sjølv på landbrukskonferansen.
Viktig å legge opp årsmøtet slik at vi også får nye opp på talarstolen. Ha konkurranse om å vere på talarstolen!!!
Ha fleire pauser, folk koser seg når pratar saman.

**<u>Vedtak:</u>** Styret merker seg dei synspunkta som kom fram i styret og i fylkesårsmøtet som grunnlag for det vidare arbeidet. Styret er tilfreds med gjennomføringa av årsmøtet.

## SAK 27/2012: Gjennomgong retningsliner fylkeslaget. Arbeidsmåte.

**Vedlegg:** Retningsliner for fylkeskontora i Norges Bondelag.
Styret gjekk gjennom arbeidsmåte, prioritering av arbeidsoppgåver og forholdet til media. Vidare instruks for fylkeskontora i Norges Bondelag. Kontoret er tilsett av Norges Bondelag og stilt til rådvelde også for fylkeslaget.

**Vedtak arbeidet i fylkeslaget:** Styret vil oppretthalde tidlegare praksis med delegering av ansvar og oppgåver på heile styret. (Jfr. Arbeidsdelinga). Føresetnaden er rask rapportering på e-post med nokre stikkord om spesielle saker som er handsama eller reist i møta tilbake til leiar og kontor.

Alle styremedlemene bør på førespurnad delta på møter i lokallaga.
Styret vil prøve i større grad å samarbeide med lokallag om aktivitetar i fylket.
Fylkeslaget set opp dato for årsmøte i lokallaga og med aktuell representant frå fylkeslaget som møter ved uttalt konkret ønskje frå laget.

Første vara til styret blir kalla inn. Talspersonar samt leiar i Valnemnda blir invitert til ordinært Leiarmøte og Årsmøtet og elles når det er aktuelt.

Ved representasjon til anna enn lokallaga og dei tildelte oppgåver, skal deltaking vere etter avtale med leiar/org sjef. Vidare kan heile styret uttale seg til media om dei saker som er drøfta og det er semje om. Styret er arbeidsorgan for Norges Bondelag og skal fremme våre felles synspunkt. Fordelingsspørsmål og strategi som ikkje er drøfta ligg det til leiar å kommentere.

## SAK 28/2012: Arbeidsdeling i fylkesstyret

### Utval, talspersonar og sentrale tillitsvalgte 2012/2013

| **Utval/arbeidsorgan:** | **Representant 2012/2013** | **Ansv. sekr:** |
|---|---|---|
| **Arbeidsutvalet/Mediautvalet:** | Leiar, nestleiar, org sjef | Lyche/ Erlien |
| **Ordførar i årsmøtet Norges Bondelag:** | Odd Chr. Stenerud, valt 2005 (vara 03-05) | |
| **Varaordførar årsmøtet Norges Bondelag:** | Arne Magnus Aasen, valt 2011 | |
| **Representantskapet i Norges Bondelag**: | Leiar vara nestleiar | Org.-sjef |
| **Landbruksselskapet i M&R**: | Leiar vara nestleiar | Org.-sjef |
| **Grøntsektoren:** | Audun Skjervøy vara Ole Sigbjørn Iversen | |
| **Bygdekvinnelaget**: | Arne Rekkedal, vara Odd Helge Gangstad | Myrbostad |
| **Bygdeungdomslaget**: | Anne Katrine Jensen, vara Trond Malmedal | Frantzen |
| **Den Norske Matfestivalen, Ålesund**: | Birgit Oline Kjerstad | Erlien |
| **Samarbeidsutval Gjensidige**: | Leiar, org sjef | |
| **Styret Innovasjon Norge**: | Anne Katrine Jensen | |
| **Rovdyrtalsperson** | Inge Martin Karlsvik | Frantzen |
| **Økologisk landbruk – talsperson**: | Anne Katrine Jensen | Frantzen |
| **Kulturlandskapsgruppa Landbruksavdelinga** | Birgit O. Kjerstad, vara: Trond Malmedal | Erlien |
| **Distriktsrådet HV 11**: | Per Devold, Rauma vara: Anne K. Jensen | Erlien |
| **4 H - årsmøtet**: | Anne Katrine Jensen, vara: Trond Malmedal | Erlien |
| **Energi, klima og miljø**: | Fylkesstyret | Lyche |
| **Korn og kraftfôr talsperson**: | Fylkesstyret | |
| **Utmarksnæring Verdifulle Opplevelser**: | Arne Magnus Aasen | Frantzen |
| **Inn på Tunet:** | Birgit Oline Kjerstad | Frantzen |
| **Mjølkeprosjekt Sunnmøre og Vestlandet:** | Per Kristian Gjerde | |
| **Mjølkeprosjekt Nordmøre:** | Oddvar Mikkelsen | |
| **Storféprosjektet på Sunnmøre** (styringsgruppa 01.08.09-31.07.12): | Per Kristian Gjerde | |
| **Prosjektet "Småskala kraftverk – nærings-veg i bygdene på Vestlandet":** | Jørgen Holte | |
| **Prosjekt Auka smågrisproduksjon – styr.-gr** | Hans Frafjord | |
| **Samarbeidsrådet landbruket i Midt-Norge:** | Inge Martin Karlsvik Vara: Birgit O Kjerstad | Org.-sjef |
| **Skuleutvalet Gjermundnes landbruksskule:** | Anne Katrine Jensen Vara: Birgit O. Kjerstad | |
| **Styringsgruppa for Landbruksmelding M&R** | Inge Martin Karlsvik | |
| **Småsamfunnsgruppe i M & R – FMLA** | Arne Rekkedal | |
| **Geit i vekst - styringsgruppe** | Petter Melchior | |

**Fylkeskontoret sender e-post til alle som er oppnemnt om å sende referat m.m. til fylkeslaget.**

## SAK 29/2012: Arbeidsplan. Budsjett. Møteplan for fylkeslaget

**Vedlegg:** Arbeids- og tiltaksplan og Budsjett 2012/2013 (i årsmeldinga) vedteke på årsmøtet. Plansjer (2 sider) for presentasjon av arbeidsplan på årsmøtet ved org.-sjef Arnar Lyche.

Mange av aktivitetane er allereie datofesta.
Dato temadag eigarskifte ein laurdag i oktober vert fastsett av kontoret i samråd med Ole Rødstøl.

Styret gjekk gjennom prioritering av arbeidsoppgåver i f.t. arbeidsplanen, budsjett og fastsette datoar for aktivitetar.

**Dette kom fram i styret si drøfting:**
Politisk arbeid på fylkesnivået må prioriterast, halde møter/skuletimer med fylkesstyra og fylkesleiarar i dei politiske partia. Har stort forbetringspotensiale her.
AU lager utkast til politikarstrategi fram til valet 2013.
Maritimt forum Nordvest sender jamnleg ut informasjon til sine kontaktar på nett.
Få ut informasjon på kommunestyrenivå.
Norsk Landbrukssamvirke har gode brosjyrer.
Formulere noen online'ere som vi vil ha inn i debatten.
Høgre skal ha eiga landbruksmelding, utfordre fylkestyret her.
Samle inn e-postadresser over alle kommunestyremedlemmer, som lokallaga kan sende ut div meldingar til.

**A: Fastsetting av datoar for styremøta:**

- Styremøte **måndag 23. april**
- Event. telefonstyremøte same dag/dagen etter at staten sitt tilbod lagt fram (7. mai)
- Vurdere å ha telefonstyremøte med lokallagsleiarar om jordbruksforhandlingane.
- Styremøte og møte m/ årsmøteutsendingane **torsdag 31. mai** (Årsmøtet er 13.-14.juni)
- Styremøter for september, oktober og desember blir fastsett på styremøtet i mai

**B: Leiarmøte hausten 2012**

**Alt 1: Eige leiarmøte i M&R Bondelag utvida for lokallagsstyra i nov 2012**
**Alt 2: Midtnorsk Temakonferanse i Trondheim i november**
Det vart måndag 19. mars halde telefonmøte om Midtnorsk Temakonferanse i regi av Samarbeidsrådet i Midt-Norge. Aktuell dato for arrangementet er onsdag 7. og torsdag 8. nov. på Royal Garden i Trondheim med mål om 400 deltakarar.
Deltakarar på telefonmøtet var dei tre org.-sjefane i Bondelaga i M&R, S-Tr.-lag og Nord-Tr.-lag, Brit-Kari Hauger frå Nortura, Petter Baalsrud frå Tine og Kristian Wibe frå Felleskjøpet.

På styremøtet vart det orientert om at på ein av dagane under Midtnorsk Temakonferanse vert det halde fleire temasamlingar, og at dei tre fylkesbondelaga kan ha felles leiarmøte delar av den eine dagen. Styret ser det som uheldig at samlinga i Trondheim blir halde to dagar før Agro Nordvest (for tillitsvalde i landbruksorganisasjonane i Sogn og Fjordane og Sunnmøre) i Loen 9. og 10. november 2012.

**Vedtak:** Styret går for alternativ to, og vil halde leiarmøtet i samband med Midtnorsk Temakonferanse i Trondheim. Styret vil invitere alle styremedlemmer. Styret vil be fylkeskontoret ta kontakt med Sør-Trøndelag om å få flytte fram arrangementet til måndag/tysdag eller tysdag/onsdag.

**C: Landbrukskonferanse og fylkesårsmøte - fredag 8. og laurdag 9. mars 2013**
Stad: Ålesund
Fredag: Landbrukskonferanse. Laurdag: Årsmøtesaker

**D: Arrangement om likestilling saman med Bygdekvinnelaget/Bygdeungdomslaget.**
Blir drøfta på seinare styremøte

**E: Kurs for unge bønder. Oppfølgingskurs for tidlegare deltakarar.**
I 2011 og 2012 har det totalt delteke 105 personar på kurs for unge bønder. Styret ønskjer oppfølgingskurs/samling for desse. Fylkeslaget har midlar til bruk for rekruttering.
Eit alternativ er å invitere tidligare deltakarar til M&R Bondelag si landbrukskonferansen 8. mars 2013, og halde eiga samling 9. mars med utferd. Samarbeide med Bygdeungdomslaget om opplegg.
**Vedtak:** Fylkeskontoret legg fram eigen sak om oppfølgingskurs til styremøtet i mai. Styret vil vente til 2014 med nytt kurs for unge, nye bønder.

## SAK 30/2012: Husdyrgjødselseminar

Etter innspel frå lokallagsleiar sendte org.-sjef 16. mars ut utkast til brev til styret om brev om gjødselspreiing. Styret gav synspunkt på innhaldet på e-post, og fleirtalet meinte at brevet ikkje bør sendast ut. Fylkesleiar foreslo i staden at M&R Bondelag arrangerer eit husdyrgjødselseminar.
Aktuell tid og stad kan vere på Dyregod-dagane i Gjemnes.
Det var orientering på styremøtet ved org.-sjef Arnar Lyche:

- Handheving av gjødselforskrift og den verkelege situasjon for gardbrukarar
- Større gjødselmengder og mindre lagerkapasitet.
- Auka kjøreavstandar frå driftssenteret og ut til jordbruksareal i takt med strukturendringar.
- Har kompensert dette ved å skaffe større og meir effektivt spreieutstyr, men tidsbruken til gjødselspreiing har auka for dei fleste.
- Spreie husdyrgjødsla på rett stad til rett tid, men vanskeleg å få til i praksis.
- Fleire år med krevjande versituasjonar

**Vedtak:** Det vert sett ned ei arbeidsgruppe beståande av Anne Katrine Jensen, Trond Malmedal og Arnar Lyche, som legg fram forslag til opplegg og tema for møter halde i oktober/november på to eller tre plassar i fylket. Få med rådgjevarar, maskinbransjen, Tine, Landbruk Nordvest m.fl. på møterunden. Ta opp både statussituasjon og omdømmeproblematikk.

## SAK 20.3/2012: Aksjonsplanar for M&R Bondelag og Norges Bondelag

Styret vedtok på styremøte 16. februar at det blir oppretta 6 lokale aksjonskomitear (tilpassa mediatettheit) beståande av lokallagsleiarar, og som sjølv vurderer kva dei vil gjere ved eit brot. Lokallaga får då eit eigarforhold til aksjonane.
Det var lukka møte under fylkesårsmøtet for å drøfta aksjonsplanar. Inge Martin Karlsvik er medlem i aksjonsutvalet sentralt i Norges Bondelag, og orienterer om arbeidet på styremøtet.

**Vedtak: Lokallaga blir fordelt slik i lokale aksjonskomitear:**

**Ørsta/Volda/Ulstein (ytre søre Sunnmøre) – Aksjonsleiar: Knut Hustad** (Hjørundfjord BL): Vanylven og Syvde, Rovde, Sande, Vestre Sunnmøre, Volda og Dalsfjord, Austefjorden, Ørsta, Follestaddalen, Hjørundfjord, Skjåstaddalen,
**Ålesund-regionen (nordre Sunnmøre) - Aksjonsleiar: Odd Einar Fjørtoft (**Harøy-Fjørtoft BL): Ørskog, Skodje, Giske, Hildre og Vatne Ytre Haram, Harøy-Fjørtoft
**Stranda-regionen (indre Sunnmøre) - Aksjonsleiar: Leif Inge Grebstad** (Sykkylven BL): Eidsdal og Norddal, Valldal, Stranda, Sunnylven, Geiranger, Liabygda, Stordal, Sykkylven,
**Molde-regionen (Romsdal-regionen) - Aksjonsleiar: Anders Øverbø** (Rauma BL): Molde, Vestnes, Rauma, Nesset, Midsund, Gossen, Fræna, Hustad, Eide,
**Kristiansund-regionen (ytre Nordmøre) - Aksjonsleiar: Erik Olufsen (**Aure og Tustna BL): Averøy, Frei, Gjemnes, Tingvoll, Straumsnes, Halsa og Valsøyfj, Aure og Tustna, Smøla,
**Surnadal/Sunndal-regionen (indre og nordre Nordmøre) - Aksjonsleiar: Oddvar Mikkelsen** (Surnadal BL): Sunndal, Øksendal, Ålvund, Surnadal, Todalen, Rindal

Det blir innkalla til telefonmøter for å organisere lokale aksjonskomitear, slik at lokale planar er lagt.

## SAK 21.2/2012: Saker til årsmøte og representantskapet i Norges Bondelag

Saken ble utsatt på styremøtet 16. februar. Etter Norges Bondelags lover er frist for saker til representantskapet 22. mai 2012. Frist for saker til årsmøtet er 18. april 2012.

Aktuelle saker å reise kan være:
**A) Størrelsen på kontingenten i Norges Bondelag.**
**Vedlegg:** Info om kontingent og utrekning for 2012
Fylkesstyret og kontoret har fått tilbakemeldinger fra medlemmer som synes det nå er høy kontingent.
Max-kontingent er kr 8.188 (kr 6.700 + mva 1488).

**Dette kom fram i styret si drøfting:**
Tine, Nortura sparer kostnader, mens Bondelaget øker kontingenten.
Fryse maxkont, se etter om det er rom for interne innsparinger, øke personlig medlemskap.
Vanskelig å verve medlemmer blant de største brukene.
Maxtaket bør ligge i ro, og heller øke litt mer på de som ligger i midten på kontingent.
Personlig kontingent kan øke med ca 100 kroner, eller kontingentøkning med lik kronesum for alle.
Bondelaget ta hensyn til dette i budsjettarbeidet.

**Vedtak:** Styret i Møre og Romsdal Bondelag vil fremme sak til budsjettarbeidet og verveutvalget i Norges Bondelag. Vi registrerer at mange medlemmer og potensielle medlemmer reagerer på kontingentens størrelse, og ber om at makstaket på kontingenten forblir uendret. Styret vil be om at Norges Bondelag ser på muligheten for moderate innsparinger og rasjonalisering i ordinær drift, og at eventuell økning i kontingenten hovedsaklig blir lagt på personlig medlemskap. En får de fleste medlemsfordeler i Bondelaget ved å tegne personlig medlemskap. Bakgrunnen for at Møre og Romsdal Bondelag ber om dette er at vi ser det som viktig å ha en organisasjon med flest mulig bruksmedlemmer.

**B) Instruks for valgnemnda i Norges Bondelag – valg av leder**
**Vedtak:** Selv om valgkomiteen i Norges Bondelag 2012 har en dyktig "ekstern" leder, synes Møre og Romsdal Bondelag det er viktig at leder av valgkomiteen velges blant fylkenes kandidater.

Det vil også være riktig at lederen velges blant de tre kandidatene som har sittet i 2 år og dermed skal gå ut (Med unntak av evt. fylkesledere). Vi ser det også som riktig at ledere sitter bare i ett år.

Styret i Møre og Romsdal Bondelag ser at det er viktig at det er fylkene, og dermed det regionale/lokale nivået i Bondelaget som skal ha eierskapet til valgkomiteen. Valgkomitearbeid er ofte langsiktig. Varaplasser kan bli brukt som prøvearena for kandidater til verv lenger oppe i systemet osv.

Det er en stor fordel at leder er kjent med de vurderinger som er gjort de tidligere år, og har erfaring fra Bondelagets valgkomite sine rutiner og tidsplaner.

Styret i Møre og Romsdal Bondelag vil fremme dette for rep.skap/årsmøte i forhold til at instruks for valgnemnda skal opp.

## SAK 31/2012: Likestilling i landbruket – Kartleggingsprosjekt

Møre og Romsdal Bondelag har fått tildelt midler fra Fylkeskommunen til å jobbe med rekruttering, likestilling og kompetanse. Som et resultat av dette har vi blant annet arrangert kurs for unge bønder og kurs i eiendomsoverdragelse, og har hatt rekruttering som hovedtema på den årlige Landbrukskonferansen. Anne Turid Myrbostad har fått delegert fra Gunnar Wentzel et ansvar for å jobbe med likestilling. Litt er gjort, men det kan gjøres mer. Det er viktig at Bondelaget setter mer fart på denne saken. Kvinneandelen i landbruket går ned. Vi har hørt at nå er 87 prosent av alle bønder menn. Inntrykk er også at stadig færre kvinner engasjerer seg i drifta til ektefelle/samboer. De er ute på annet arbeid. På den annen side er de kvinnene som velger å involvere seg i landbruket vel ansett og godt integrert i næringa.

Det må være et mål å heve "kvinneandelen" i næringa. Derfor kan det være på sin plass å sette et ekstra fokus på temaet på en eller annen måte. Kanskje gjøre noe i fellesskap med Bygdekvinnelaget og Bygdeungdomslaget? For eksempel en konferanse med dette som tema til høsten. I den forbindelse hadde det vært bra om noen har gjort en jobb i forkant.

En påstand er at menn og kvinner ofte tenker ulikt. En kunne tenke seg at noen gjennomførte dybdeintervju av kvinner på for eksempel 20 - 30 gårdsbruk. Hva tenker disse kvinnene om egen gårdsdrift og landbruket? Hva har hatt størst betydning for deres valg? Hva skaper trivsel og hva gjør det ikke? Hvilket landbruk vil kvinnene ha? Osv. Målet må være å bli mer beviste på kvinners valg. Dette bør i neste omgang være med på å påvirke våre strategivalg.

Fylkesmannen skal skrive landbruksmelding i løpet av året. I den forbindelse har kontoret snakket med Synnøve Valle – om likestilling. Hun synes dette er et tema som også bør tas inn her.

**Kartleggingsprosjekt**

**Vedlegg:** Skriv frå Bioforsk Økologisk om budsjett og finansiering

Bioforsk Økologisk tilbyr å gjennomføre et kartleggingsprosjekt for å se på hvorfor kvinner velger eller velger bort å bli gardbruker.

Kartlegginga vil foregå ved dybdeintervju og de ønsker også å gjennomføre en enkel spørreundersøkelse blant ungdom (begge kjønn, BUL) med tilknytning til bygdene for å få et «oppdatert» syn på hvordan ungdom ser på muligheten til å jobbe i landbruket.

Intervjua og resultatet av spørreundersøkelsen, sammen med en generell oversikt over situasjonen i Møre og Romsdal, eventuelt råd om tiltak for å øke kvinneandelen i landbruket, blir oppsummert i en Bioforsk Rapport.

**Dette kom fram i styret si drøfting:**

Nettbasert agronomkurs, helgesamlinger bygge nettverk, spesielle kurs for kvinner, studieturer, kurs i-mek, økonomi m.m.

Med en rapport må fylkeslaget være villig til å sette i gang tiltak som etterspørres. Rapporten må peke på tiltak som kan settes i gang.

**Vedtak:** Styret i Møre og Romsdal Bondelag går inn for å sette i gang et kartleggingsprosjekt i samsvar med saksutredning og skrivet frå Bioforsk Økologisk.

## SAK 32/2012: Landbruksmeldinga i Møre og Romsdal

Fylkesagronom Synnøve Valle frå Fylkesmannen si landbruksavdeling var tilstade kl. 11.30-12.00 og drøfta med styret innspel til landbruksmeldinga i Møre og Romsdal:

**Kvifor landbruksmelding?** Landbruket Møre og Romsdal står overfor store utfordringar. Det er eit behov for å synleggjere Møre og Romsdal som eitt av dei fremste matfylka. Det er viktig at næringa sjølv er aktiv i diskusjonen om eiga framtid og skaper alliansar i det politiske miljøet, i næringslivet og blant folk flest.

**Mål for landbruksmeldinga:** Gje kunnskap om landbruket og setje landbruket på den politiske dagsordenen. Vere retningsgjevande for utviklinga av landbruket på regionalt nivå. Bidra til å styrke landbruket og landbruksbasert næringsutvikling i fylket

**Organisering og framdrift:** Tidsramme: Landbruksmeldinga skal vere vedteken i løpet av 2012. Fylkesmannen har ansvar for prosessar og skriving – med tett relasjon til fylkeskommunen. Styringsgruppe: Medlemer frå fylkesmannen, fylkeskommunen og næringsorganisasjonane i landbruket. Arbeidsgrupper med ulike tema – med medlemer frå faglaga, samvirket, kommunane, Norsk Landbruksrådgiving, forsking, Innovasjon Norge osv.

**Temagrupper blir sett saman av repr frå ulike organisasjonar og etatar:**

**Analyse og statistikk:** Framskaffe statistikk og analysar. Tolke utviklingstrekk. Vurdere behovet for å bestille analysar/undersøkingar.

**Areal og miljø:** Klimaspørsmål inklusiv skog og klima. Andre miljøspørsmål: Kulturlandskap, forureining… Forvaltning av landbruksareal, inklusiv jordvern. Bygdeutvikling, busetjing

**Kompetanse:** FoU. Rådgjevingsapparat. Praktiske kurs. Landbruksutdanning – Ungdom, Etablerte bønder

**Verdiskaping:** Verdikjedetenking. Tradisjonelt jordbruk inkludert rekruttering, finansiering, rovdyrspørsmål osv. Skogbruk, trebruk. Bygdenæringar: Mat og matstrategiar, IPT, reiseliv, treforedling osv.

Fylkesleiar Inge Martin Karlsvik er tidlegare oppnemnt av styret som Bondelaget sin repr i styringsgruppa. Rådgjevar Arild Erlien er tidlegare utpeika som repr i gruppa for analyse og statistikk.

**Dette kom fram i diskusjonen:**

Få fram verdiskaping av innkjøpte tenester (rørleggarar, elektrikarar m.m.), har lett for berre å sjå på kun næringsmiddelindustrien, bønder m.m. Viktig å ha sterkt fokus på rekruttering. Sikre støtte i befolkninga. Kommunikasjonsbiten er viktig. Alliansebygging. Om ikkje kan tallfeste alt, så er det viktig med bevisstgjering. Å få nye inn i landbruket heng saman med økonomi. Marknadsføre bondestanden.

**Vedtak:** Styret oppnemnte desse til dei ulike arbeidsgruppene:
**Miljø og areal:** Birgit Oline Kjerstad. **Kompetanse:** Anne Katrine Jensen, Yngve Røøyen (eller ein annan frå Bygdeungdomslaget), **Verdiskaping:** Oddvar Mikkelsen, Christine Strandmann.
Synnøve Valle kallar inn til møter i arbeidsgruppene. Det er snakk om nokre få møter i kvar arbeidsgruppe før landbruksmeldinga skal leggast fram i løpet av hausten 2012. Reise- og møtegjersle vert dekka av M&R Bondelag for deltaking i arbeidsgrupper.

## SAK 33/2012: Innspel om kastratkjøt til jordbruksforhandlingane

Nestleiar Birgit Oline Kjerstad la fram ei ekstrasak og notat om stimuleringstilskottet på storfekjøt:

**Notat angåande vårt innspel til jordbruksforhandlingane 2012- Storfekjøt**.
Det er underskott på storfekjøt i Norge. I den samanheng har Nortura føreslått å innføre eit stimuleringstilskott på kr. 1500 pr. slakt i klasse O eller betre og på slakt over 250 kg.
Møre og Romsdal Bondelag støtta dette tiltaket i sitt innspel til jordbruksforhandlingane 2012.
I etterkant har vi blitt kontakta av medlemer som har gjort oss merksame på at dette stimuleringstilskottet vil slå skeivt ut, då kastratar og kviger ofte blir klassifisert lavare enn klasse O.
**Slaktekvalitet og spisekvalitet.**
EUROP systemet for klassifisering av kjøt tek først og fremst omsyn til slaktekvalitet. Ny kunnskap framskaffa av Nofima og UMB syner at storfekjøt produsert på kastrater ofte er både mørare og saftigare enn ordinært oksekjøt. Ein større del av eit kastratslakt kan nyttast til biff enn på eit vanleg okseslakt. Spisekvaliteten er betre.
**Beiting og produksjon på norske ressursar.**
Det er eit mål å nytte Norske beiteressursar for produksjon av kjøt i staden for intensiv foring av slaktedyr på importerte for. Det er og eit mål flest mogleg storfe skal ut på beite i sommerhalvåret. Ukastrerte hanndyr over 6 mnd er ikkje egna for beiting. Kastrater og kviger er derimot godt egna til å ha på beite.
Vi ber om at forhandlingsutvalet vurderer desse forholda når innretting av kravet til årets jordbruksforhandlingane skal utformast. I staden for eit stimuleringstilskott til ei fastsett gruppe slakt kan ein gi tilskott pr. kilo produsert storfekjøt for å stimulere produksjonen.

I styret si drøfting av saka kom det fram at innspelet burde ha kome i forkant at fylkesstyret si handsaming av uttalen til jordbruksforhandlingane. Det er vanskeleg no å kome med innspel i etterkant av representantskapet i Norges Bondelag si handsaming av krav og prioriteringar til årets forhandlingar.

**Vedtak:** Saka vert ikkje sendt vidare til Norges Bondelag. Styret viser til at M&R Bondelag sendte sin uttale etter fylkesårsmøtet 9. og 10. mars, og at styret og representantskapet i Norges Bondelag vedtok uttale på møtet 21. og 22. mars, der m.a. krav til jordbruksforhandlingane 2012 vart drøfta.

## SAK 34/2012: Referatsaker

**1 Medlemsutvikling hittil i år:**
**Vedlegg:** Medlemstal lokallaga pr. 23. mars 2012
Medlemstal 01/01-12: 3.368 Medlemstal pr. 23/03-12: 3.343 = **- 25**
Nyinnmelde hittil i 2012: **43**

### 2 Arbeids- og møteplan 2012-2013 (Dato ajourført: 29. mars 2012)

Haustferie i skulen: Veke 41 – 8.-12.oktober 2012
Vinterferie i skulen: Veke 8 – 18.-22. februar 2013

| Dato/Månad | Tiltak/Arrangement | Stad | Deltakarar/Ansvarlege |
|---|---|---|---|
| 26.-30.mars | **Informasjonsaksjoner Norges Bondelag** | | Alle lokallag |
| **Tirsd 27.mars** | **Aksjonsdag –** Landbrukets påskekampanje | | Alle lokallag |
| **29. mars** | Fylkesstyremøte | | Fylkesstyret |
| 11.-13. april | FK-Veka stand | Molde | Fylkesstyret, kontoret |
| 15. april | **Påmelding Open Gard** | | Lokallaga |
| 23. april | Fylkesstyremøte | | Fylkesstyret |
| Mai | **Jordbruksforhandlingar** Aksjonsberedskap | | Lokallagsstyret. Fylkesstyret |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **31. mai** | Styremøte/møte m/ årsmøteutsendingane | | Styret + årsmøteuts. |
| 13.-14. juni | Årsmøte Norges Bondelag | Lillehammer | Årsmøteutsendingar |
| | | | |
| **22.-26.august** | Den Norske Matfestivalen | Ålesund | |
| **Søn.26. august** | **Open Gard** | Rundt i fylket | Lokallaga |
| 28.-29. august | Sekretariatskonferanse Norges Bondelag | Hønefoss | Heile fylkeskontoret |
| **31.aug.-2. sept** | Dyregod-dagane stand + evt møte | Gjemnes | |
| 4.-5. sept | Landbrukskonferanse, Fylkesmannen | Geiranger | |
| September | Fylkesstyremøte | | Styret |
| Oktober | Fylkesstyremøte | | Styret |
| Oktober | Skattekurs: Tema: | | Samarb. Rekneskapskontor |
| Oktober | Temadag Eigarskifte | | |
| **Innan 31. okt** | **Årsmøter i lokallaga** | | Medlemmene/lokallaga |
| 7.-8. nov | **Leiarmøte / Midt-Norsk Temakonferanse** | Trondheim | Lokallagsstyra og fylkeslag |
| 20. nov | Søknad Aktivt Lokallagsmidlar | | Lokallaga |
| Desember | Fylkesstyremøte | | Styret |
| **2013** | | | |
| Januar | Fylkesstyremøte | | Styret |
| Jan | Frist for lokallaga forslag til valnemnda | | |
| jan / feb. | Møte i valnemnda | | |
| ca. 1. feb | Lokallaga frist sende inn saker fylkesårsmøte | | |
| | | | |
| Feb | Fylkesstyremøte (årsmeld/rekneskap) | | Styret |
| Feb | Lokallaga frist **uttale jordbruksavtala** | | |
| 1. mars | Kontingentforfall | | |
| Mars | Fylkesstyremøte (handsame jordbr.avtala) | | Styret og samvirkerepr |
| **8. Mars** | **Landbrukskonferanse** | Ålesund | Landbruksinteresserte |
| **8.-9.Mars** | **Årsmøte M&R Bondelag** | Ålesund | Lokallaga, fylkeslaget |

**Agro Nordvest** (for tillitsvalde i landbruksorganisasjonane i Sogn og Fjordane og Sunnmøre) blir halde i Loen 9. og 10. november 2012. Agro Hordaland blir halde i 2013. Dei to fylka vil halde arrangement kvart sitt år framover.

## 3 Representasjon og invitasjon til andre møter og arrangement:

**11. april: Grønn Forsking,** koordineringsmøte, Trondheim
**11. april:** Møte med pensjonistene på landbruksavdelinga, Fylkeshuset, Molde, Arnar Lyche
**11.-13. april:** FK-uka i Molde. Fylkeslaget påmeldt med stand
**22.-26.august**: Den Norske Matfestivalen, Ålesund.
**31.aug.-2. sept:** Dyregod-dagane på Batnfjordsøra i Gjemnes: Stand og evt seminar
**4.-5. sept:** Fylkesmannens årlege landbrukskonferanse i Geiranger for landbruksforvaltninga. Fylkeskontoret.

## 4 Aktivitetar og møter i lokallaga

**Heimeside 19.03.2012: Bondelaget i Aure kåret til årets bedrift**
Det er ei verdsetting av primærnæringene når Aure og Tustna Bondelag blir kåra til årets bedrift i Aure. Bondelaget skaper optimisme i ei næring som de siste åra har opplevd massiv nedleggelse. Det mener juryen som i år gir Sparebanken 1 Midt-Norge sin lokale bedriftspris til Aure og Tustna Bondelag. Lagets leder, Erik Olufsen, tok i mot prisen under årsmøtet i Aure næringsforum med 35 av sine 120 bondelagsmedlemmer til stede (TIDENS KRAV)

**Heimeside 21.03.2012: Årets bedrift i Aure**
Primærnæringene er tett etter industrien den nest største arbeidsplassen i kommunen. Det er en av årsakene til at Aure og Tustna bondelag ble tildelt prisen Årets bedrift. Det lokale bondelaget består av ildsjeler som kjemper og skaper nødvendig optimisme i ei næring som betyr svært mye for samfunnet. Det mener juryen som har valgt Aure og Tustna bondelag til årets bedrift for 2011. (SØVESTEN)

**Eidsdal og Norddal Bondelag** har halde HMS -kurs for medlemmane. Dei inviterte med Bonde og småbrukarlaget, og bønder som er utan medlemskap ....
To fellessamlingar og nettbasert kurs med eksamen er avslutta og bestått av alle 15 deltakarane. Siste samling med gardsbesøk og gjennomgang av rutiner og HMS-system vart gjennomført i Melchiorgarden i Norddal. Flott kurs med gode tilbakemeldingar til kursleiar Kari Rovde. I tillegg til HMS-fagstoff har det vore fint å treffe mange likesinna og diskutere aktuelle saker i lokalmiljøet. Mykje god mat har vi og fått tid til å smake på.

**Bondelagets påskekampanje: Ingen egg uten høner, ingen mat uten bønder!**
**Bondelaga i Stranda:** Møte med formannskapet måndag 26. mars
**Smøla Bondelag:** Møte med kommunestyret torsdag 29. mars
**Sunndal Bondelag:** Møte med kommunestyret 21. mars (sjå presseklipp-bunken – Driva 23. mars)

**Heimeside 23.03.2012: Egg og sjokolade i Sunndal kommunestyre**
Representanter for Sunndal Bondelag – Oddveig Gikling-Bjørnå og Ole Magne Bjørnhjell – delte onsdag ut egg og sjokolade til kommunestyret i Sunndal. Først fikk representantene utdelt en eggkartong med plass til seks egg. Imidlertid var det bare fire egg i hver. – At det er for få egg i kartongen er symbolsk, kommenterte Gikling-Bjørnå. (DRIVA)

**Heimeside 27.03.2012: Surnadal Bondelag "eggar" surnadalingane**
I samband med landbruksmeldinga som blir lagt fram tysdag 27. mars, slår Surnadal Bondelag eit slag for at landet vårt skal ha eit sterkt landbruk også i framtida. Måndag ettermiddag stilte dei på stand ved Coop Mega på Skei for å informere om dagens og framtidas landbruk og dele ut smaksprøvar på dagferske, lokalproduserte egg. Aksjonen vart tatt vel imot, og allereie etter ein stor halvtime var alle eggkartongane utdelt (TROLLHEIMSPORTEN)

# 5 Referat frå møter og arrangement

**7. mars: Møte på fylkeshuset om vannrammedirektivet, Arnar Lyche**

**10. mars: Opent møte "Landbruk og EØS", og "EU-kampen 1972 og 1994"**
kl. 14.30 – 16.30 på Rica Seilet Hotell i Molde.
Fylkesårsmøtet i Bondelaget avslutta med lunsj kl. 13.30. Nei til EU hadde fylkesårsmøte på formiddagen same dag på Rica Seilet Hotell, og avslutta sin organisatoriske årsmøtedel til lunsj. Nei til EU inviterte alle utsendingar og gjestar på fylkesårsmøtet i M&R Bondelag etter lunsj til ein sekvens kor Hildegunn Gjengedal (tidligare direktør for Landbrukets Brussel-kontor) belyste norsk landbruks fremtid innanfor EØS-avtalen. Deretter hadde historikaren Roar Madsen eit innlegg om EU-kampen i 1972 og 1994, med særleg fokus på Møre og Romsdal, og orienterte om historiebokprosjekt.
13 personar frå Bondelagsårsmøtet deltok på den opne møtet i Nei til EU.

**13. mars: Møte i Kristiansund om vanndirektivet, Arnar Lyche**

**15. mars: Møte om brann og sikkerhet i landbruket, Sunndalsøra, Arnar Lyche**
Planleggingsmøte i forkant av årets planlagte aksjon inn mot Landbruket med fokus på Brann og Sikkerhet.
Deltakere: Arbeidstilsynet, Brannvesenet, DLE, Mattilsynet, Landbrukets HMS tjeneste, Gjensidige, Bondelaget
Tema drøftet: Gjennomgang av plan for 2012. Fastsette tilsynsobjekt/aksjonsuker/ Mediadekning/ medlemsmøte i Bondelaget?? Hvordan gjennomføre samtidig tilsyn (styrende dokumenter for tilsyn)

**17. mars: Årsmøte i 4H Møre og Romsdal**, Malmefjorden, Fræna. Ikkje møtt.

**19 mars: Telefonmøte om Midtnorsk Temakonferanse** i regi av Samarbeidsrådet i Midt-Norge.
Aktuell dato for arrangementet er onsdag 7. og torsdag 8. nov. på Royal Garden i Trondheim med mål om 400 deltakarar.Deltakarar på telefonmøtet var dei tre org.-sjefane i Bondelaga i M&R, S-Tr.-lag og Nord-Tr.-lag, Brit-Kari Hauger frå Nortura, Petter Baalsrud frå Tine og Kristian Wibe frå Felleskjøpet.
**20. mars: Møte i Gjemnes saueavlslag.** Foredrag om Bondelaget og landbruket ved Arnar Lyche
**20. mars: Fylkesleiarsamling i Norges Bondelag,** Oslo, Inge Martin Karlsvik
**21. og 22. mars: Ordinært representantskapsmøte** i NB, Oslo, Inge Martin Karlsvik, Arnar Lyche
Tema på møtet var m.a. krav til jordbruksforhandlingene 2012 og aksjonsberedskap

**22. mars: Krokveld i Straumsnes Bondelag,** Arnar Lyche

**23. mars: Årsmøte Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal,** Molde. (Anne Katrine Jensen møtte som styremedlem i Felleskjøpet)
Fylkesleiar Inge Martin Karlsvik invitert til å halde innlegg på 100-års jubileumsmiddag om kvelden.

**24.-25. mars: Årsmøte M&R Bygdekvinnelag, Molde,** Arne Rekkedal, Anne Turid Myrbostad
Quality Hotel Alexandra, Molde lørdag 24. mars ca kl.11.00 og søndag 25. mars 2011 til ca. kl. 14.00

**27. mars: Regionmøte i Tine Midt-Norge,** Trondheim, Anne Katrine Jensen møter for Bondelaget.

**27.-28. mars: Introduksjonskurs for nytilsette i Norges Bondelag,** Arnar Lyche

**28. mars: Bondelagene i Sunndal inviterte alle interesserte til åpent møte om dyrevelferd, arbeidsmiljø, el- og brannsikkerhet** på Sunndal Brannstasjon kl 20.00. De fire tilsynsetatene (Mattilsynet, Arbeidstilsynet, El-tilsynet og Brannvesenet) vil 28. og 29. mars gjennomføre samordnet tilsyn på 6 gårdsbruk i Sunndal. I den forbindelse inviterer Sunndal Bondelag, Øksendal Bondelag og Ålvundeid Bondelag til møte der tilsyn er tema. Gjensidige og Landbrukets HMS-tjeneste vil også delta. Møtet er åpent for alle bønder. Arnar Lyche møter fra M&R Bondelag

**28. mars: Møte i styringsgruppa for landbruksmeldinga** M&R, Fylkeshuset, Inge Martin Karlsvik.

**28. mars: Møte i analyse- og statistikkgruppe for Landbruksmeldinga**, Fylkeshuset, Arild Erlien.

# 6 Orienteringssaker

## 6.1. Arbeidet med uttale framfor jordbruksforhandlingane

**A)** Styret vedtok 6. mars uttalen til jordbruksforhandlingane 2012. Styret fekk inn skriftlege uttaler frå 26 lokale Bondelag. Etter at uttalen var sendt ut og presentert for årsmøteutsendingane, har fylkeskontoret fått tilbakemeldingar frå fleire lokallag om at dei ikkje var registrert i oppført liste over innsendte uttaler, sjølv om dei har sendt uttale.

Fylkeskontoret har sjekka dette. Det viser seg at desse lokallaga har svart på Norges Bondelag si QuestBack-undersøking på nettet som lokallaget sin uttale og arbeid med årets jordbruksforhandlingar.

Fylkeskontoret har ikkje fått melding frå Norges Bondelag om kva lag dette var, og fylkesstyret fekk heller ikkje tilsendt desse uttalene før styremøtet 6. mars.

12 lokale bondelag i Møre og Romsdal svarte på QuestBack av totalt 189 lag i heile landet.

Av dei 12 lokallaga har 6 lag kun svart på nettet. Desse er **Halsa og Valsøyfjord BL, Liabygda BL, Todalen BL, Averøy BL, Midsund BL og Giske BL.** Dei 6 øvrige laga har også i tillegg sendt skrifteleg uttale til fylkeslaget.

**Dei 6 lokallaga som kun har svart på nettet blir lagt til i fylkeslaget si oversikt over lag som har uttala seg til jordbruksforhandlingane 2012.**

**Fylkeskontoret vil be Norges Bondelag ha betre rutiner med å registrere og melde til fylkeslaga kva lokallag som sender inn uttale til jordbruksforhandlingane.**

**B:** Etter innspel på fylkesårsmøtet, vart ordlyden i siste kulepunkt om geit i pkt 2 om Melk (ku og geit) endra i styret sin vedtekne uttale frå styremøtet 6. mars til jordbruksforhandlingane 2012.
Styret godkjente denne endringa på e-post før uttalen vart sendt Norges Bondelag. Ny ordlyd vart:

- *Geiteholdet er viktig for bosetting og kulturlandskap i fjordbygdene. Alt som kan gjøres for å øke avsetningen av geitemelk må gjøres for å unngå å svekke produksjonsmiljøene.*

## 6.2 Stiftingsmøte - Studieforbundet næring og samfunn Møre og Romsdal

**Vedlegg:** Innkalling og sakliste for stiftingsmøtet.
Notat – Orientering om Studieforbundet SNS og behov for fylkesorganisering.
Mønstervedtekter regionledd.

Det er innkalla til stiftingsmøte onsdag 18.april kl 17.00 på Felleskjøpet sitt møterom i Molde.

Bakgrunnen for stiftingsmøtet er at Studieforbundet Populus og Bygdefolkets Studieforbund frå 1.1.2012 er slått saman til **Studieforbundet næring og samfunn.** Lov om vaksenopplæring set krav om regional organise-

ring av studieforbund. Det blir difor invitert til møte for stifting av **Studieforbundet næring og samfunn Møre og Romsdal.**

Medlemsorganisasjonar i tidlegare BSF som direkte eller indirekte har kursaktivitet og representasjon i fylket blir invitert til stiftingsmøtet. Det same gjeld medlemsorganisasjonar i Studieforbundet Populus.

## 6. 3 Uttaler om landbruk frå fylkesårsmøta i politiske partier i Møre og Romsdal:

**Gjer utmarksbeiting mogleg!**
Senterpartiet i Møre og Romsdal krev ein rovdyrpolitikk som gjer utmarksbeiting for bufe mogleg. Dette krev effektive tiltak for å hindre yngling av rovdyr i prioriterte beiteområde. Det har blitt etablert område utan yngling av rovdyr i vår region. Dette er bra for desse områda, men med uendra bestandsmål blir det større press på dei gjenståande områda. Desse områda må prioriterast i høve til skadereduserande tiltak. Uttak av skadedyr må skje snarast råd, og på ein effektiv måte. Statens Naturoppsyn og andre må få nok ressursar til dette.
Vi har store tap på grunn av alveld og flått. Forskinga på dette må halde fram og intensiverast.
**(Uttale frå fylkesårsmøtet i M&R Senterparti 3.-4. mars 2012)**

**Vi kan og må produsere meir mat sjølv!**
Møre og Romsdal KrF samla til fylkesårsmøte 17.03.2012, meiner at vi gjennom vår representasjon i næringskomiteen har vist ein svært offensiv haldning til landbruksnæringa som vi ønskjer å føre vidare. Landet må nytte vår historiske muligheit til å ta ansvar for vår eigen framtidige matforsyning frå land og hav på ein berekraftig måte.

Vidareutvikling av norsk matproduksjon i ei verd med raskt aukande folketal og stadig nye miljøutfordringar nasjonalt og internasjonalt er eit viktig verdispørsmål for Kristeleg Folkeparti i Møre og Romsdal.

Landbruk og fiske har forma lokalsamfunn og næringsverksemd over heile fylket. Fylkesårsmøtet i KrF er glad for at mange av våre unge har lyst til å gå inn i desse framtidsnæringane om dei får meir konkurransedyktige arbeidsvilkår. Vi meiner vi har ei nasjonal forplikting til å nytte ut dei nasjonale produksjonsressursane vi har i vårt tempererte og nedbørrike klima. Det gir framleis høve til å vise internasjonalt ansvar gjennom handelsavtalene med andre land som har betre grunnlag for varmekrevjande matproduksjon.

Utforminga av framtidig matpolitikk må leggje vekt på:

- Auke sjølvforsyningsgraden av mat basert på norske ressursar, meir enn veksten i folketalet krev.
- Reetablere beredskapslager for matkorn.
- Opprette ein investeringspakke utanom inntektsavtala til bøndene, og nye skattemessige tiltak slik som fondsavsetting som stimulerer dei unge til å satse.
- Gi landbruket sjanse til å konkurrere om dei unge ved å sette konkrete mål og tiltak for å redusere inntektsskilnadene til andre grupper.
- Utforme virkemidlane slik at dei fremmer produksjon og eit variert landbruk over heile landet.
- Satse meir offentlege midlar til framtidig verdiskaping på norske ressursar i jord, skog og utmark.
- Nytte ut gjeldande internasjonale avtaler for effektivt importvern på våre viktigaste matvarer og spesielt for mjølkeprodukta.
- Styrke vernet om matjorda ved klårare plikter for styresmakter og utbyggjarar.

**(Uttale frå fylkesårsmøtet i M&R Kristeleg Folkeparti 16.-17. mars 2012)**

**Landbrukets rammevilkår**
Møre og Romsdal Arbeiderparti vil arbeide for at landbrukets rammevilkår bedres for å ha levedyktig landbruk over hele landet og slik at Regjeringens mål om 20 % økning av matproduksjonen innen 2020 skal oppnås.
**(Uttale frå fylkesårsmøtet i M&R Arbeiderparti 17.-18. mars 2012)**

**Verdsarvforvaltninga**
Møre og Romsdal Arbeiderparti vil arbeide for etablering av ein nasjonal politikk for verdsarvforvaltninga i Noreg, og auke midlane til naudsynte investeringar i kulturlandskapet i Vestnorsk fjordlandskap med 3 millionar frå og med 2012 til og med 2016. Norsk Fjordsenter ved Stiftinga Geirangerfjorden verdsarv må etablerast som nasjonalt senter for verdsarv.
**(Uttale frå fylkesårsmøtet i M&R Arbeiderparti 17.-18. mars 2012)**

## 6.*4.* Kandidater til leder av valgnemda

Etter drøfting og godkjenning på e-post av styremedlemmene sendte styret 16. mars dette brev til valnemnda i Norges Bondelag:

**Kandidater til leder av valgnemnda i Norges Bondelag**

Selv om valgkomiteen har en dyktig "ekstern" leder i år synes Møre og Romsdal Bondelag det er viktig at leder og nestleder av valgkomiteen velges blant fylkenes kandidater.

Det vil også være riktig at lederen velges blant de tre kandidatene som har sittet i 2 år og dermed skal gå ut (Med unntak av evt. fylkesledere). Vi ser det også som riktig at ledere sitter bare i ett år.

Vi ser at det er viktig at det er fylkene, og dermed det regionale/lokale nivået i Bondelaget som skal ha eierskapet til valgkomiteen. Valgkomitearbeid er ofte langsiktig. Varaplasser kan bli brukt som prøvearena for kandidater til verv lenger oppe i systemet osv.

Det er en stor fordel at leder er kjent med de vurderinger som er gjort de tidligere år, og har erfaring fra Bondelagets valgkomite sine rutiner og tidsplaner.

Styret i Møre og Romsdal Bondelag vil også fremme dette for rep.skap/årsmøte i forhold til at instruks for valgnemnda skal opp.

Derfor vil vi peke på to meget gode kandidater til ledervervet. De har begge lang erfaring, og vi vil også peke på at det er på tide med en kvinne som leder av komiteen:

- Arna Høyland, Rogaland
- Ragnhild F. Barka, Hedemark (nestleder i valgkomiteen i dag)

## 6. 5 Næringsstrategien 2012 Regional strategi for landbruksrelatert næringsutvikling M&R

**<u>Vedlegg</u>** (i eigen bunke)

Næringsstrategien er laga av fylkesmannen, i nært samarbeid med Innovasjon Norge, Møre og Romsdal fylke og bøndene sine organisasjonar.

## 6. 6 Saker frå Bygdekvinnelaget

## 6.7 Saker frå Bygdeungdomslaget: På dyregod-dagane skal BU har stand og aktivitetar

## <u>Andre saker lagt ut på M&R Bondelag si heimeside - www.bondelaget.no/moreogromsdal</u>

### Heimeside 26.03.2012: Landbruk på dagsorden i politiske partier

Fleire av fylkesårsmøta i dei politiske partia i Møre og Romsdal har no i mars kome med uttaler på landbruk. Senterpartiet krev ein rovdyrpolitikk som gjer utmarksbeiting for bufe mogleg. Kristeleg Folkeparti seier vi kan og må produsere meir mat sjølv. Arbeiderpartiet vil arbeide for at landbrukets rammevilkår bedres for å ha levedyktig landbruk over hele landet.

### Heimeside 18.03.2012: Må prioritere husdyrproduksjonene

Møre og Romsdal Bondelag ønsker at husdyrproduksjonene skal bli prioritert i årets jordbruksforhandlinger. Fylkeslaget ser at for flere av de viktigste husdyrproduktene er det betydelige underskudd, og det bør derfor være rom for å ta ut høyere priser, skriver fylkestyret i sin uttale som er sendt Norges Bondelag før jordbruksforhandlingene.

### Heimeside 16.03.2012: Dårlig grøftetilstand i jordbruket

God drenering er en forutsetning for å øke arealproduktiviteten og redusere avrenning og utslipp av klimagasser fra landbruket. Økt andel leiejord, usikre og korte leieavtaler kombinert med høye kostnader på arbeidet er tre av de største utfordringene for dreneringsaktiviteten. I Møre og Romsdal er 45.000 dekar (8 prosent) dårlig drenert dyrkajord. Det går fram av en fersk rapport om grøftetilstanden i jordbruket fra Bioforsk Økologisk på Tingvoll, som Rose Bergslid presenterte på landbrukskonferansen i Molde 9. mars, arrangert av Møre og Romsdal Bondelag i lag med Landbruk Nordvest og Fylkesmannen.

### Heimeside 07.03.2012: Hva har skjedd med landbruket i Møre og Romsdal?

- Møre og Romsdal har bare tatt en liten del av den betydelige økningen av kjøttproduksjon på storfé og sau på landsbasis. Produksjonen har i stadig stigende grad flyttet til de beste områdene i landet: Østlandet, Jæren og Trøndelag, og tilsvarende innen fylket. Det skriver tidligere organisasjonssjef i Møre og Romsdal Bondelag, Gunnar K. Wentzel, i en artikkel i Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal sin 100-års jubileumsbok, der han tar for seg utviklingen og strukturendringene innenfor landbruket de siste tiårene.

**Møtet slutt kl. 16.45 Arild Erlien -ref**